

Hauemarkja barnehage

Elverom
6084 Larsnes

'Små og store hand i hand,
knyter gode vennsksbands'.

Telefon 70028445

Mobiltelefon 468 90 362

E-post: hauemarkja@sande-mr.kommune.

VEDTEKTER FOR STIFTELSEN HAUEMARKJA BARNEHAGE

§ 1 NAMN

Namnet på barnehagen er Hauemarkja Barnehage. Barnehagen er organisert som ein ideell, privat stiftelse.

§ 2 FORMÅL

Stiftelsen sitt føremål er å bygge og drive barnehage på Larsnes. Verksemda har ei ideelt (ikkje økonomisk) formål. Den skal søkje å sikre barna gode utviklingsmulegheiter i nært samarbeid med heimane til barna. Verksemda skal drivast i samsvar med dei til ei kvar til gjeldande lover og føreskrifter for gjeldande barnehageverksemd.

§ 3 GRUNNKAPITAL

Stiftelsen sin grunnkapital er kr. 200.000,-

§ 4 RETTSLEG DISPOSISJONSEVNE, ANSVAR FOR GJELD

Stiftelsen Hauemarkja Barnehage er eit eige rettssubjekt med avgrensa og upersonleg ansvar for gjeld.

§ 5 FORELDRERÅD (ÅRSMØTE)

Stiftelsen skal ha eit foreldreråd med oppgåver som bestemt i barnehagelova med forskrifter. Foreldrerådet skal halde årsmøte innan utgangen av april månad. Innkalling og orientering med sakliste skal sendast til foreldra med minst 14 dagars varsel. På årsmøtet skal det førast protokoll. Styret føretekk innkalling og fastset sakliste som mellom anna skal innehalde:

- 1) Val av møteleiar og to til å skrive under møteprotokollen
- 2) Årsmelding frå styret
- 3) Årsmøtet skal kome med ein uttale om rekneskap og fastsetjing av budsjett
- 4) Val av styremedlemmer og leiar for styret
- 5) Foreldrebetaling pr. mnd.
- 6) Utarbeiding av generelle kriterier for opptak av barn. Desse skal fastleggast i vedtektene, etter forslag frå styret.
- 7) Eventuelle forslag til vedtaksendingar
- 8) Eventuelle framlegg om oppløysing av stiftelsen, som berre kan finne stad innanfor ramma av stiftelseslova.
- 9) Andre saker som styret i fylje vedtektene eller etter eige initiativ skal legge fram på årsmøtet, eller som er innsende av medlemmane. Styret sine framlegg må

vere inntekne i den utsendte orienteringa med saklista. Framlegg frå styremedlemmer må, for å kunne verte behandla, vere styret i hende seinast i innan 15. desember året før årsmøtet vert avvikla. Foreldrerådet er foreldre/føresette til alle barna i barnehagen.

Foreldrerådet kan endre vedtektene for stiftelsen, etter forslag frå styret.

§ 6 EKSTRAORDINÆRT FORELDRERÅD

Ekstraordinært foreldreråd skal avviklast når styret eller minst 1/4 av foreldra krev det.

§ 7 FLEIRTALSKRAV

Kvart medlem av foreldrerådet har ei stemme. Vedtak kan fattast med allminneleg fleirtal. (Meir enn halvparten av dei frammøtte må røyste for) Vedtak om vedtektsendring krev 2/3 fleirtal, medan vedtak om oppløysing krev 3/4 fleirtal. Vedtektsendringane må vere etter forslag frå styret.

§ 8 SAMANSETJING AV STYRET, STYREMØTER M.M.

Styret skal ha 7 medlemmar med varamenn. Fire av desse er valde av og mellom foreldra. To vert valde av og mellom dei tilsette - samt varamenn for dei same. Eit styremedlem er utpeika av Sande Kommune.

Dei foreldrevalde medlemmane er valde for 2 år om gongen, men slik at 2 står på val kvart år. Ved fyrste gongs val vert såleis 2 valde berre for eit år. Styremedlemmer valde av dei tilsette står på val kvart 2. år.

Styret gjer vedtak i møte. Styrar har møte-, tale- og forslagsrett i styret. Styremøte vert halde når styraren og styreleiaren finn det naudsynt, eller når minst 2 av styremedlemmane krev det.

Dugnadsansvarleg i styret møter berre på ekstra innkalling. Han/ho brukar sine dugnadstimar på dugnad, og får elles økonomisk kompensasjon på kr. 100 pr. oppmøtt time på styremøte.

Skrivar skriv sine dugnadstimar time for time for oppmøte på styremøter, ved lokale forhandlingar m.m. Skrivar får kr. 100 pr time utover dugnadstimar.

Det som fleirtalet av dei møtande har stemt for, gjeld som styret sitt vedtak. Ved stemmelikskap gjeld det som leiaren har stemt for. Er ikkje leiaren til stades, gjeld det som møteleiaren har stemt for.

Styret skal føre møtebok som skal ha fortløpande sidetal. Møteboka skal innehalde dei vedtak som styret gjer i barnehagen. Tid og stad for møte skal også gå fram av boka, også meiningskilnad mellom styremedlemmer som er tilstades. Boka skal underskrivast av dei som er tilstades.

Kvar barnehage skal i tillegg ha eit Samarbeidsutval (SU). Utvalet skal bestå av tilsette, foreldre og ein offentleg representant. Hauemarkja Barnehage vel å bruke delar av styret til SU; to foreldrerepresentantar, to personalrepresentantar, kommunal

representant og styrar. Leiar i SU bør ikkje vere den same personen som er leiar for driftstyret.

Styret sitt arbeidsår fyl barnehageåret; d.v.s. nytt styre trer i kraft frå nytt barnehageår. Overlappingsmøtet/konstitueringsmøtet vert dermed lagt til juni.

§ 9 MYNDE OG PLIKTER FOR STYRET

Styret står føre og har ansvaret for den allminnelege forvaltninga av stiftelsen, og representerar den ute. Stiftelsen vert forplikta ute av styret ved underskrift av styret sin leiar og ein av styremedlemmane som er valde av foreldra. Styret skal sørge for betryggande rekneskapsføring etter reglane i stiftelseslova, i samarbeid med dette også oppsetjing av rekneskapssamandrag. Rekneskapen saman med melding frå styret skal leggast fram for årsmøtet.

Styret kan sjølv fungere som byggenemd, men kan om ynskjeleg knyte til seg fleire personar i samband med bygging av barnehagen. Styret har også fullmakt til å inngå avtale med kommunen og andre instansar.

Styret skal leie og føre tilsyn med at barnehagen vert driven i samsvar med gjeldande lover, føreskrifter og vedtekter. Styret har ansvar for å sende inn årsmelding til kommuna innan fastsett frist jar. Reglar for statstilsskot til barnehagar og fritidsheimar. Styret har også ansvar for at stiftelsen vert meld til Fylkesmannen dersom eventuelt forvaltningskapitalen utgjer kr 50.000,- eller meir, jfr. Stiftelseslova §§18 og 19, og at det eventuelt vert sendt inn avskrift av rekneskapssamandraget til Fylkesmannen, jfr. Stiftelseslova § 20.

§ 10 MANGLANDE FORELDREBETALING

Ved manglande foreldrebetaling kan barnet miste barnehageplassen, vanlegvis etter 1 mnd. Ein vil motta varsel om forfalt betaling før barnet vert teke ut, samt at barnehagen vil ha dialog med foreldra.

§ 11 OPNINGSTID

Hauemarkja barnehage har ope mellom kl. 06.45-17.00. Dette tilsvarar 10,25 timar pr dag. For å tilpasse bemanninga best muleg kvar dag, vil ein ved nytt barnehageår/tildeling av plass motta eit spørjeskjema der ein skriv på om ein ynskjer å nytte seg av tilbodet før kl. 07.00 og etter kl. 16.30.

§ 12 OPPTAK AV BARN

Hauemarkja Barnehage er open for barn frå bygdene i Sande Kommune, i alderen 0 år og fram til skulestart. Ved opptak av barn skal ein legge vekt på fyljande kriteriar:

1. Funksjonshemma barn som kan ha nytte av opphald i barnehage (jmf. § 9 i Barnehagelova)
2. Barn med særlege sosiale, pedagogiske eller medisinske forhold, der opphald i barnehage kan vere nyttig.

Barn som søker plass på grunnlag av desse to kriteriane, må legge ved dokumentasjon frå sakkyndig instans.

3. Barn med fast del plass har fortrinnsrett til utviding av plassen, så langt det er ledig plass.
4. Dersom det er mogleg skal barnehagen ha ei hensiktsmessig alderssamansetjing. Dette inneber at ein ved opptak skal ta omsyn til alderen og antal barn i dei ulike aldersgruppene, slik at alle skal få eit godt pedagogisk tilrettelagt tilbod.
5. Ved opptak går ein etter ansiennitetsprinsippet, rekna etter søknadsdato.
6. Syskjen til barn som har plass i barnehagen skal ha eit års ekstra ansiennitet.
7. Dersom fleire søkjarar står likt ved denne prioriteringa, skal det føretakast loddtrekning. Dette skal gjerast på fyrste styremøte etter at søknadane er mottekne.

Den som får plass får behalde den fram til barnehageferien før skulestart.

Det kan ikkje søkjast om barnehageplass før barnet er fødd.

Dersom ein får tildelt barnehageplass som ein har søkt om ved hovudopptak, og ikkje tek i mot denne, vert barnet strøken frå ventelistene.

§ 13 OPPHØYR AV Plass I BARNEHAGEN

Foreldre pliktar å gje skriftleg melding til styret seinast 1 måned før barnet vert teke ut av barnehagen.

Barn som vert tekne ut av barnehagen etter 1. mai (oppseiing etter 1. april), må betale for plassen fram til barnehageferien (ut barnehageåret).

§14 DUGNAD

Hauemarkja Barnehage er foreldredreven, og det ligg eit bestemt tal dugnadstimar knytt til plassprosent på kvar familie. Dersom ein ikkje fyller opp timane sine, har styret høve til å sanksjonere i form av eit gebyr.

Det er delegert til styret å finne eit tilpassa timetal og sanksjonsbeløp.

Det skal informerast om timetal og sanksjonsbeløp ved oppstart/nytt barnehageår.

Endringar på årsmøtet 28.04.2003

Endringar på årsmøtet 29.04.2004

Endringar på årsmøtet 19.03.2007

Endringar på årsmøtet 01.04.2008

Endringar på årsmøtet 31.03.2009

Endringar på årsmøtet 08.04.2010

Endringar på ekstraordinært årsmøte 29.09.10

Endringar på årsmøtet 16.04.12